



SAFFA-info

Utgitt av Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus.

SAFFA-kurs pa Sørmarka

lørdag og søndag 12. og 13. januar 2008

SAFFA-kurset hadde rekorddeltaking i januar 2007 og ønsker å føra suksessen vidare like over nyttår i 2008. SAFFA vil ha fokus på å styrka eit fagmiljø i regionen gjennom å tilby instruktørkrefter av beste kvalitet og tema og fagleg perspektiv som går vidare enn dei fleste medlemsgruppene tek opp på sine øvningar til vanleg. I januar kan me tilby følgjande:

“Frå musikk til dans og frå dans til musikk.: Tor Stallvik

Generelt emne om rytmeforståelse har vore ei fast innleiande økt for både dansarar og musikarar dei siste åra. Tor skriv om sitt opplegg på januar kurset: “For å kunne danse, treng vi som alle veit instrumentalmusikk, eller vi kan bruke vår eiga stemme i song.

Kva skjer når vi lar pulsen i rytmen danne kroppslege rørsler? Korleis tolkar vi rytmen og lagar dansemønster? Kva krav bør dansaren setje til musikken han skal danse etter? Korleis oppnår musikaren kontakt med dansegolvet? Kva er god dansetakt? Korleis blir dansaren inspirert av musikken? Kvifor er den levande spelmannen viktigare enn ein CD? Er det skilnad på konsertspel og dansespel?

Vi dansar og drøftar i vekslevis samspel mellom spelmenn og dansarar.”

Springleik frå Vågå: Instruktør Tor Stallvik

Tor er ein av dei mest erfarne danseinstruktørane i Noregs Ungdomslag og har budd i Vågå i “ein mannsalder” - sentral medlem i Vågå spel- og dansarlag. Han kjenner derfor dansen og rytmen svært godt. Her er opplegget slik at både heilt ferske og meir rutinerte dansarar vil kunna få eit utbytte. Kor

langt deltakaren får utvikla sin dans kjem sjølv sagt an på danseerfaringa til den enkelte.

Trekkspel/toradar: Bjørn Elgstøen

Bjørn har engasjert seg i å samla inn danseslåttar for trekkspel frå distriktet og har lang erfaring med dansespel. Han er medlem av Nitelva spellemannslag og spelar fast til Kjerringa med staven.

Dansespel: Mats Berglund: Mats vil vera kjent for dansarane som har vore på Sørmarkakurset dei siste åra - då som spelemann på kurset i Finnskogpols. Mats skriv: “ I modern tid så finns det en myte som säger att en dansmusiker inte kan dansa. Ett påstående som stämmer dåligt överens om att de goda dansspelmännen i alla tider varit lika goda dansare och det säger sig självt att det är lättare att spela dansant både vad gäller rytmik och tempo om man spelar själv. Jag har under senaste tre åren ägnat en god tid till att studera musikens ömsesidiga förhållande till dansen. Med utgångspunkt från den assymetriska tretakt som förekommer i gränslandet Sverige - Norge så har jag utarbetat ett låtutlärande med målsättningen att ge spelmännen en större insikt för att förstå samapelet mellan musikens rytm och dansen. Ett av kursmomenten är att låta spelmännen få gå försteg och känna på svikten för att sedan omsätta den erarenheten i sitt eget spel.

Ett viktigt kursmoment är även att studera arkivmaterial i form av ljudinspelningar och videoopptak av musik och dans. Omfattningen av de olika delmomenten styrs av den totala kurstiden.

Det er likheter och olikheter mellan regionerna Östfold, Värmland, Akershus och Hedmark som jag sätter i fokus och källmaterialet som jag utgår från är både traditionsinspelningar och notuppteckningar.”

Hamborgar: Ellev Tomasgård

Ellev Tomasgård er veteran i SAFFA-miljøet - kjent mellom anna for å ha løfta Nannestad spelemannslag opp på eit høgt nivå i ein lang periode. Han bur nå i Vestfold og er pensjonert kulturskolepedagog. Ellev har hatt sin oppvekst i eit sterkt tradisjonsmiljø i Hornindal i Nordfjord og brenn for å få større utbreiing av den ekte hamborgarrytmen. Han vil ha hovudansvaret både for danse- og musikkopplæringa for denne spesielle "tre-delte" polkavarianten som få i vår region mestrar i dag.

Kursmusikar: Tonje Lien Barkenæs

Tonje vil etter kvart vera godt kjent i SAFFA-miljøet. Ho er ei av dei bærande kreftene i Østertdølenes spellemannslag - eit av landets beste spelemannslag. "Deltakarane" er også ei kjent gruppe det Tonje har sett sitt tydelege preg. Tonje har mellom anna studert ved Ole Bull-akademiet på Voss.

På SAFFA-kurset vil Tonje spela til begge dansekursa, men også bidra slik at spelemennene som ønskjer det får læra å tolka både hamborgar og springleik-rytmen.

Lørdag kveld blir det mykje dans. Musikkelevane får prøva seg på å spela til dans - aleine eller i større eller mindre grupper og i forskjellige rytmar. Dansarane blir "sensor" saman med instruktørane. Me ser dermed på kvelden som ein del av kurset - men sjølvstøtt ledigare i formene.

Meld inn spesielle interesser!

Har du tenkt på spesielle tema du meiner me bør ta opp, så er du velkommen til å lufta det med oss. Me prøver å tilpassa kurset etter ditt ønskje.



NB! BINDANDE PÅMELDING INNAN 15. DESEMBER 2007 NB!

Send helst ein påmeldingsblankett pr. person eller par. Påmeldinga blir bekrefta frå SAFFA .

Navn:.....Alder:.....

Adresse:.....E-post:

Tlf. privat:..... Mobiltelefon:.....

Dans eller musikk? Sett kryss

Evnet. Merknadar/ønskje ?

1. Musikk ()
2. Dans ()

Kursavgifta skal betalast samtidig med påmeldinga og seinast 15. desember til: SAFFA ved kasserer Odd Gerhard Jensen, Glimmerv. 9, 1488 Hakadal. Bankkontonr.: 0530.35.85577

NB! Skriv tydeleg navn på innbetalinga NB!

Kurspris pr. person med overnatting i enkeltrom -----	kr. 1 480,-
Kurspris pr. person med overnatting i dobbeltrom -----	kr. 1 280,-
Kurspris pr. person utan overnatting, men lunsj og middag ----	kr. 880,-

Registrering på Sørmarka lørdag 12. januar frå kl 08.00. Kursstart kl 09.00.

HAR DU SPØRSMÅL OM KURSET? RING NILS SELAND TEL. 9066 6867 ELLER E-POST: post@saffa.no